# „Valdres“

utkommer på Fagernes
tirsdag, torsdag og lørdag.

**Ekspedisjon**
Post-, Telegraf- og Telefon-adresse:
**Fagernes.**

Redaktør: G. O. Hovi.
Abonnementspris kr. 1.75 pr. kvartal.
Annonsepriser: 10 øre pr. m/m, 1. side 20 øre, 2. side 15 øre.


steinute og bakkute vegane — anten her eller over åsen lengere nord. Ei lita soga! Det var då sokneprest Tvetan skulde til Smiugardsbygda i sitt fyrste soknebod. Dei gjekk beint over åsen ifrå Thon. Då han stod på høgda ovanfor Fauske og såg utover bygda, braut han ut heilt momentant: Stakkars folk som bor der! De får aldri se sin prest. . . .

Men so kom S a m a n b i n d i n g s v e g e n. Han batt saman ogso bygdene i Nord-Etnedal. Men han går ikkje opp og ned desse bratte bakkane. Grytehødda er like lang anten ho står eller ligg; men når ho ligg er ho flatare, sa ein av fremste vegbyggjarane i landet eingong. Difor går han no rundt dette Solbrekk-hovda, litt ovanfor Kvernemoen, og kjem ved Lien innatt på den gamle kløvjavegleida som han so stort sett fylgjer til han ved Brusveen skule kjem samam med køyrevegen til Smiugaren. På denne vegen som er ei grein på vegen Rust—Lenningen, var eg i 1920 med og tok dei fyrste spadetak.

Vi flygjer so denne vegen ca. ½ km utover — og er på fjellvegen Rust—Lenningen. Denne stig ganske sterkt op til Frugeset, men komen op dit, ber det vekslande med og mot heilt innover til Lenningen. Her er vene stølstrakter, men ogso mange fastbuande folk. Ved Havsendfjorden når vegen sitt høgste punkt på Valdressida, ca. 1000 m o. h., og herifrå går det jamnt nedover mot Lenningen. Men fyrst lyt me stogga ved Feplassen. For der er me like ved sjølve turistattraksjonen på heile turen: Vi står ved foten av synsfjellet med Spåtinden! Og opp dit blir ein fin-fin fottur på snaut ein time.

Ja — har du vore på Spåtinden? Visst ikkje har du enno ei oppleving tilgode. Du vil få ei kjennsle av at du er komen opp på høgste taket. På ingen leid er det noko som stengjer for synet. Over heile den delen av austlandet som ligg millom Langfjellene og Kjølen, millom Skreifjellene og Jotunheimen og Rondane kan auga ditt sjå. Og Mjøsa i mest heile si lengd, som eit glinsande sylvband. Ingen under at fjellet ber namnet Synsfjellet. Finst det ånd i deg gløymer du aldri ein klår septemberdag på Spåtinden!

Innover her er fine hamnegangar. Men vi er snart ved Lenningen. Her endar Valdres — og dermed ogso turen vår. Vi befinner oss atter i mitten av 1936. Takk for fylgje!

— Hit til Lenningen rekk altso idag vegen ifrå Etnedal. Og ifrå Gausdal rekk han vestover til Rødsjøen. Millom desse tvo stader står då att ca. 3 km. Denne stubben skal i sumar bli stikka og kanskje ogso arbeid etter optak av Etnedal heradsstyre. Dermed er altso vegane knytte ihop. Men å få dei utvida og gjort skikka for gjenomgangstrafikk, er meir enn desse bygdene kan makta.

Innover viddene her er eg mindre kjend. Eg har gått over der eit par gonger. Eg såg fjell med bjørkelider om foten og svære hamnegangar. Nedover mot Synsfjorden og Dokkadalen såg eg store gran og furuskogar som minnte meg um u r s k o g. Det ligg sætrar spreidde hist og her over desse viddene. Men ser ein t. d. på busetnaden i Etnedal, må her vera rikeleg med rom til heile bygdelag! Og ifrå Torpa på austsida — men ogso på vestsida av Synsfjellet tøygjer dei private vegane seg innover og vil gjerne nå sambindingsvegen som ved Kitilbu kjem inn på rette fjellvegen ifrå Gausdal. — Etter denne leida eg her har skildra, er det idag berre stubbane Fagernes—Garli—Sørhus, Kvernemoen—Brusveen skule og Lenningen—Rødsjøen som ikkje er arbeidde. Samanlikna med det som allereide er i brukbar stand, er dette berre småteri.

— Ser du no dette net av vegar som denne vegen vilde binda saman og verta hovudgreina i? Du kan koma ifrå Gausdal. Vil du nedover Torpa eller Snertingdal kan du snart det. Vil du til bygder lengere vest på Vestopland, reiser du berre nedover Etnedal. Komen til Fagernes finn du lett fram til dei andre Valdresbygder, ja like til Lærdal og Aardal. Og skal du lenger mot vest — til Hallingdal — kan du berre fylgja nr. 60 til Leira. Der opnar seg vegen Leira—Gol.

Men dette er likevel ikkje det som veg mest. Det som veg mest er det at leida Fagernes—Nord-Etnedal—Gausdal, samanlikna med dei andre, har den absolutt naturlege fyreretten. Den er so å segja ifrå skaparen si hand lagt tilrette for trafikken millom Valdres og Gausdal — og dermed ogso for store deler av Gudbrandsdalen. Og korleis det enn blir tilstelt — omlag hit vil den før eller seinare koma. Det syter sjølve livet for. For på heile Valdressida pulserar det her allereide året rundt. Og vil koma til å gjera det meir og meir — etterkvart som tida går og kommunikasjonene blir utbygde — ogso innover Torpa og Gausdalsalmenningane. Um ein sambindingsveg, etter ei meir eller mindre »kunstig« leid, blir berre ei ny bør for samfundet, og vil før eller seinare koma i forfall.

Lomen 5. juli 1936.

**Syver Skogstad.**

E. S. Det vilde vera interessant om dette kunde bli innteke ogso i Gjøvik- og Gudbrandsdalsavisor.

D. S.

## Voldsom brann på Hønefoss.

**Follum papirfabrikk ødelagt.**

Ti minutter før halv 12 natt til mandag utbrøt brann i Follum Papirfabrikk ved Hønefoss. Maskinhallen blev totalt ødelagt.

Man antar at gnister fra en maskin har kommet bort i en papirhaug og at dette er ildens årsak.

Man mener at skaden dreier sig om en million kroner.

Branden medfører også at Begna tresliperi må stanse, da denne bedrift leverer tremasse til bruket. Follum gikk nu for full drift.

## *En runde på messen.*

Under en omtale av forskjellige avdelinger på Jubileumsmessen skriver »Velgern bl. a.:

»K. Ø. R u d i, Ø. Slidre, utstiller endel av sine kunstferdig utførte feler, som har ord for å være like gode som de er pene å se på. Han fremstiller også strenger m. v.

## *Svømningens dag*

arrangsjertes så vidt vi vet bare på to steder her i Valdres, nemlig på Leira og Fagernes. Det var utrykt vær og det kom en regnskur like før prøven skulde avholdes. Det kom allikevel mye folk for å se på.

På Leira var det over 200 og på Fagernes ca. 150. Ved et slumpetreff blev antallet av deltagere likt begge steder, nemlig 18, og av de 18 var det både på Leira og Fagernes 1 dame og 17 herrer som greidde »Svømmeknappen«.

Over hele landet regner man med at det blev tatt ca. 10.000 Svømmeknapper.

**Opland bonde- og småbrukarlag**

har på sitt årsmøte gjenvalgt fylkesagronom Lyngstad som formann. Som styremedlemmer blev bl. a. valgt O. Olsen Solheim.

# Verdsmøtet for sundagsskulen.

*For »Valdres« av sokneprest Mikael Gladhaug.*

Som representant for dei delegerte kom dr. C l u s t e r S. M i a o frå Shanghai med ei svarhelsing: »Kristus er vårt einaste håp, og me ynskjer å koma honom nærare i kjærleik og forståing. Det er mitt håp at me som resultat av dette møte i djupare ålvor må sjå Kristus som verdsens håp — og som mitt håp. Berre på denne måten kan me vera verdige gjester her i Norge og verdige arbeidarar i sundagsskulen«.

Etter salmen »Nu la oss takke Gud« lyste biskop L u n d e velsigningi over forsamlingi.

Tysdag den 7. juli var den fyrste arbeidsdagen åt verdsmøtet. Rådsordføraren i verdsforbundet, professor dr. L u t h e r W e g l e frå Yale universitetet i U. S. A., styrde møtet.

Etter ein salme var sungen, held dr. George P. H o w a r d frå Chile ei gripande andakt over emnet: »Kristus — Frelsaren« Han las upp Matt. 1, 21 og Johs. 4, 42 og sa m. a.: »I den gamle pakt gjev Gud seg ut som den einaste sanne Frelsar. Men Kristus er den fullkomne openberring av Faderen. For Jesus var det absolutt klårt at mennesket måtte frelsast. Etter hans syn er mennesket skilt frå Gud. Det var »t a p t«, det var »d a u d t«. Han gjek ut frå s y n d i som kjennsgjerning. Han diskuterte ikkje hennar upphav.

Den frie vilje har valfridom som sitt vilkår, ikkje millom ulike vegar, men millom handling som spring fram av heile personlegdomen, og handling som spring fram av ein lut av personlegdomen.

Frelsa er ikkje berre tilgjeving. Han lærde oss at dersom me vil verta tilgjevne, må me tilgjeva. Tilgjevingi er utgangspunktet for frelsa. Men dei frelste må syne k v a l i t e t e n av si f r e l s e i sitt liv og i si ferd. Kristus frelser heile mennesket. Me vert ofte freista til å meina at frelsa berre har med sjeli eller livet etter døden å gjera. Men me har ikkje lov til å setja grense for frelsa. For ho omfatar h e i l e l i v e t.

Både lekam og sjel. Frelsa kan ikkje verka fullt på livet etter døden før ho har forvandla det liv som me no lever i kjøtet.

Ho gjeld alle tilhøve i livet. Ikkje noko menneske er frelst h e i l t, før det vert frelst frå sjukdom, uforstand, gale motiv, dårlege vanar, sjølvkjærleik, og frå alt som gjer det mindre enn det Gud etla det til. Når eit menneske verkeleg er frelst, kjem det fram ikkje berre i bønemøtor men ogso i huslyden, forretningi og i samfundssaker.

Kristus er ein vedvarande frelsar. Frelsa har 3 tider: Fortidi: »Av nåde er de frelst«, notidi: »De vert frelst«, framtidi: »Frelsa er dykk nærare no enn då de kom til trui«. Frelsa er ikkje berre noko ferdig, ho er ein prosess: »Herren la dagleg dei som let seg frelsa til kyrkjelyden«.

Kristus er realistisk, nøgjereknande frelsar. Han sa: »Ikkje kvar den som segjer til meg: »Herre, Herre« skal komme inn i Guds rike, men den som gjer min fars vilje«. Me reduserar ofte frelsa til å vera berre ein åndeleg gymnastikk. Aa godta ein del om Jesus dogmer er ikkje det same som å tru på honom. Me må h a n d l a på vår tru og verkeleg fylgja han me trur på.

Kristus gjev livet vårt eit nytt mittpunkt. Me er fødde med ego i midtpunktet. Dei frelste har fått Kristus i mittpunktet istadenfor tyranniske eg. Han har fått eit nytt centrum i sitt liv og lever difor eit nytt liv. Ikkje eget, men krossen vert den tapp, som det frelste menneskes liv dreiar seg om.

Kristus er ein fullkomen frelsar. Er me frelst? Tør me segja: »Eg er krossfest med Kristus.

Etter denne andakti, heldt generalsektetæren for dei skotske sundagsskular, pastor Georg Mills, foredrag over emnet: „Sundagsskulens plass i kyrkja sitt liv“. Han innleidde foredraget sitt med Cyprians ord: „Den som ikkje har kyrkja til mor har ikkje Gud til far“. Han pointerte det faktum at kvar einaste kristen skuldar kyrkja sin religion. Personlegdomen er eit produkt av at ein lever i samfund med andre. Og ein kristen personlegdom kan ikkje utviklast utan i levande kontakt med det kristne samfund, som me kallar kyrkja. Det er folk som trur at dei kan vera kristne utanfor kyrja. Det er ei misforståing. Det går ikkje an å leve isolert.

Kyrkja verkar ved sine skrifter, si gudsdyrking, preike, lære og sine Kristus-like lemer. Ho strekkjer seg til alle område i livet og foredlar millionar av menneske. Millom desse er det mange som ikkje vil vita av Kristus eller kyrkja. Men kyrkja har sigra der Kristus er motteken som Herre, der livet er gjenomsyra av kristendomen. Her er Cyprians ord sanne.

Kyrkja har ei veldig opgåve. Oplæringi har mykje å segja for det kristne livet. Og kyrkja lever for å gjeva denne oplæring, som vert tilbode alle. For kyrkja har eit verdsomspennande ansvar. Millom lemene er ogso b o r n i. Kyrkja må syte for dei som ei mor.

Jesus sa: Fød mine lam! Då tenkte han ogso på framtidi i kyrkja. Korleis skal kyrkja få gjeve borni kristeleg oplæring? Røynsla har synt at sundagsskulen er den beste metode som er kjent hittil, til å ta vare på borni og deira religiøse trong. Sundagsskulen er verkeleg ei kyrkjeskule, som må ha ein plass i fyrste rekkje av det kyrkja arbeider med. Kvifor? Eg skal nemna 3 grunnar:

1. Sundagsskulen gjer kyrkja sitt liv rikt ved sin evangeliserande kraft.
2. Sundagsskulen gjer kyrkja sitt liv rikt fordi det lærer op borni til å tilbe Gud.
3. Sundagsskulen gjer kyrkja sitt liv rikt fordi han lærer upp unge menneske til å tena kyrkja.

Sundagsskulen treng mange ting, som kyrkja kan hjelpa han med:

1. Kvar grein av kyrkja bør ha ei ungdomsavdeling med m.a. den opgåve å leide sundagsskulearbeidet i kyrkja.
2. Kvar kyrkje bør ha prestar med øving i og kjennskap til kristeleg opsedingsvesen og metodar.
3. Alle born i ein kyrkjelyd bør leidast inn i sundagsskulen.
4. Kyrkjelyden bør syte for at sundagsskulen får det naudsynlege utstyr.
5. Kyrkjone bør innan eit høveleg område hjelpa kvarandre i sundagsskulearbeidet gjenom eit sundagsskuleforbund.“

Dinæst fekk leidarar for sundagsskulearbeidet i 7 land 5 minutt kvar til å tala um sundagsskulens framgong og vanskar i dei land dei representerte. Det var gripande å høyre kva Kristus hadde fått utretta i dei ymse land gjenom sine brennande vitne, trass i all motstand. Og alle stader hadde dei gjort den røynsla at sundagsskulen var det mest effektike arbeidsreidskap til å kristne folket. Dei vitna alle at Kristus var deira håp. Og dei ba om forbøn for landi sine. Det greip alle.

(Meir.)






# Valdresmuseets Midtsommerstevne.

## *Valdresprinsessen heter frk. Margit Piltingsrud.*

Det var almindelig folkevandring til Fagernes søndag. Folk kom pr. bil, sykkel og apostlenes hester fra alle kanter og det var større trafikk i gatene enn noen markensdag om vinteren.

Meteorologiske kunde ikke love annet enn delvis skyet, utrygt vær og da stevnet skulde begynne så det ut til at regnværet vilde komme. Stevnets første del blev derfor henlagt til Folkvang.

Kl. 15,30 stilte Fagernes Musikkorps op og tok en tur gjennem gatene. Folk strømmet til til Folkvang som snart blev sprengmett. Det blev ikke plass til alle og vi tar neppe for hårdt i når vi sier at omtrent like mange måtte gå igjen uten å komme inn.

Stevnet blev åpnet av lærer Olav R u d i med en kort velkomstale hvoretter „Gud signe vårt dyre fedreland“ blev sunget.

Ordet blev så gitt til museets formann, stasjonsmester Peter L e i r a h som holdt følgende tale:

»Valdres er som eit dikt,
eit eventyr skapt av mektuge vette
og stadig umdikta til i dag.
Då breidde Solguden purpurkåpa
si um fjelli og vatni, vigsla dei
og sa:
Sjå Valdres åpnar seg ve morgonsol
eg vil gjera soldagen lang i Valdres«

Slik hilser valdresen Torstein Høverstad sin fedrebygd Valdres.

Han har rett i at Valdres er som et dikt.

Midt i hjertet av landet ligger dalen vår omkranset av høie fjell. Nede i dalen ligger vannene klare og blinkende, og de høie nuter speiler sig i vannet. Fjellsidene reiser sig bratte og høge, og skoddekransen legger sig som et diadem om halsen på de høge tinder.

Skudshorn drønner . . det høres som mineskudd. Det er fjellkongen som gir sitt besyv med i laget.

Og utover de bratte fjell kommer vårvatnet fra Jotunheimen. I skummende kaskader styrter vatnet utfor fjellsiden ned i Vangsmjøsa.

Slik ligger Valdres ved Jonsoktider. . . lengtende i den lyse sommernatt. Og ungdommen samles til dans i den lyse natten. Valdresfela lokker, og gutten svinger jenta i dansen bortover grasvollen.

Så kommer de lyse, lange sommernetter og dager når folk flytter op på setrene. Det er den gildeste tiden på året. Krøtterne rek innover fjellet, og de vet at også de skal ha sin frihet da. Budeien synger og traller og danser på setervollen og venter på laurdagskvelden.

Har du sett Valdres en klar høstdag når farvene i fjellet har begyndt å vise sig. Aldri vil du se et mere storslagent maleri enn det naturen viser hvert år på dette leite. Rødt og gult og grønt stråler om hverandre i de herligste sjatteringer. Og luften er så uendelig klar i september, langt, lang innover mot de høge nuter.

En ensom bjelle lyr sprødt langt borte i briskelia. Men så kommer haustnatten sigende inn over fjellet. Jegerne har reist hjem fra rypefeltet, og det er blitt så uendelig stille i åsen.

Da flytter huldra inn på de tomme støler, og haugtyet gjør sig istand for vinteren. Og i huldrekongens slott glimer det av gull og andre kosteligheter, og her lever haugfolket i herlighet og glede i den lange vinternatten.

Ja slik går sagnet i Valdres.

Valdresmuseet kan feire 35-års jubileum i år.

Det var i 1901 at det første møte blev holdt i den vesle peissestuen på Fagernes hotell som stod ute på tunet. Møtet blev ledet av T. Rogne og det var flere interesserte menn som da møtte op. Tanken om å skape et Valdresmuseum skyldes sikkert kirkesanger Ole Thorsrud som på et ungdomsmøte her i Valdres året i forveien slog til lyd for saken.

Mange gjeve menn har arbeidet for Valdresmuseet. Vi kan nevne direktør Nils Ødegaard, bankkasserer Knut Jørstad og samleren, skulestyrar O. E. Bø som stod i brodden da museet var blitt en virkelighet. Han kjøpte inn Handeloftet og samlet der alle oldsakene. I denne forbindelse vil jeg gjerne peke på en ting. Kirkesanger Thorsrud har en stor verdifull samling oldsaker som han vil la Valdresmuseet overta for en meget rimelig sum og vi vilde så gjerne få denne samlingen. Men vår stilling økonomisk er ikke så god at vi kan gå på og kjøpe denne samling. Jeg mener at det må være en opgave for Sør-Aurdøler å ordne denne saken for Valdresmuseet slik at den havner her på Valdresmuseet for evig tid.

Jeg vil bringe en hilsen fra Thorsrud den gamle veteran i museets tjeneste — han har ringt mig i dag og kan ikke komme til stevnet. Han ber mig huske på Hedalsboken som han har skrevet til inntekt for Valdresmuseet og ber så mange som mulig kjøpe denne bok idag.

Valdresmuseet har reist på hodet efter en stor krise. Under den vanskelige dyre tid — med alt for dyre penger blev

